Møte nr.3/16

# SVEIO KONTROLLUTVAL

## MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Dato:** | **tirsdag 14. juni 2016** |
| **Tid:** | **kl. 18.00** |
| **Sted:** | **Kommunestyresalen, Sveio kommunehus** |
| **Forfall meldes til:** | Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: *post@kontrollutvalgene.no* |

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på ***www.kontrollutvalgene.no.***

***Rådmannen er invitert for å orientere i sakene 13/16 og 14/16.***

---

**Saksliste:**

**12/16 Godkjenning av protokoll frå møte 19.04.16**

**13/16 Orientering frå administrasjonen – helse og omsorg**

**14/16 Sak frå innbyggjar om å iverksette undersøking**

**15/16 Oppfølging av rapport – selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS**

**16/16 Referat- og orienteringssaker 14.06.16**

**Eventuelt**

Sveio/Aksdal, 06.06.16

Olav Haugen
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

**SVEIO KOMMUNE** **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontrollutvalet | 14.06.16 | **12/16** |
| | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 033 | |

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.04.16

**Vedlegg:** Protokoll 19.04.16

**Saksorientering:**

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 19.04.16 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 19.04.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 06.06.16

Toril Hallsjø

Toril Hallsjø
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

VEDLEGG
SAK 12/16

# SVEIO KONTROLLUTVAL

## PROTOKOLL

Tysdag **19. april 2016** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

| | |
|---|---|
| **MØTESTAD:** | Kommunestyresalen, Sveio kommunehus |
| **MØTESTART/-SLUTT:** | kl.17.00 – kl. 20.30 |
| **MØTANDE MEDLEMMER:** | Olav Haugen (KrF), Ole-Ørjan Hov (MDG), Heidi Selsås (A), Hans Christian Andersen (FrP) og Torill Hagland (H) |
| **MØTANDE VARAMEDLEMMER:** | Ingen |
| **FORFALL:** | Ingen |
| **FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:** | Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS |
| **FRÅ REVISJONEN MØTTE:** | Oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge, KPMG AS i sakene 7-9. Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr, Deloitte AS, Bergen i sak 10. |
| **FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:** | Rådmann Bjarne A. Martinsen og personal-leiar Gunnlaug Westergaard i sak 11. Økonomisjef Peter O. Lura t.o.m. sak 10. |
| **MERKNADER TIL INNKALLING:** | Ingen |
| **MERKNADER TIL SAKLISTE:** | Utvalet var samd i å ta sak 11 fyrst. Deretter sakene 7-10 og til slutt sak 5 og 6. Ingen saker blei meldt under eventuelt. |

## FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

### SAK 5/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.01.16

**Sekretariatet si innstilling:**
Protokollen frå møte i kontrollutvalet 26.01.16 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 19.04.16:**
Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.04.16:**

*Protokollen frå møte i kontrollutvalet 26.01.16 blir godkjent slik han føre.*

## SAK 6/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 19.04.16

7. Statusoversikt - april 2016
8. Avtale om revisjonstenester 2016-2020 – til underskriving
9. NKRF-nytt – kommunelovutvalet har levert sin utredning ( NOU 2016:4)
10. Skatteetaten sin kontrollrapport 2015 – skatteoppkrevjarfunksjonen for Sveio
11. Innkalling til repr.skapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
12. Innkalling til repr.skapsmøte 29.04.16 - SIM IKS
13. Innkalling til repr.skapsmøte 29.04.16 - Haugaland Vekst IKS
14. NKRF -kontrollutvalskonferansen - evaluering/tilbakemelding v/H.C. Andersen
15. FKT – fagkonferanse ktrl og tilsyn 07.-08.06.16 – utvalsleiar O. Haugen er påmeldt

**Handsaming i kontrollutvalet 19.04.16:**
Utvalsleiar gjekk gjennom sakene og sekretær supplerte. Forvaltningsrevisjonsrapporten «Sakshandsaming, service og haldningar» frå i fjor haust er til no ikkje blitt lagd fram for kommunestyret. Sekretær har varsla om at saka må opp. Fristen kan kuttast frå 12 til 6 månader. Andersen omtala NKRF-konferansen som lærerik og interessant, og ikkje minst imponerande gjennomføring med 800 deltakarar. Han hadde stort utbytte og anbefalte sterkt at utvalet deltar også neste år.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.04.16:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 7-15 til orientering.*

## SAK 7/16 SVEIO KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2015

**Sekretariatet si innstilling:**
Kontrollutvalet i Sveio har ingen kommentarar (/fylgjande kommentarar) til årsrekneskapen 2015 og vedtek uttale slik den ligg føre (/med desse endringane/tillegga).

**Handsaming i kontrollutvalet 19.04.16:**
Rådmannen orienterte og viste til at overskotet blei på 9,1 mill. kr, som er eit godt resultat. Det har vore enkelte budsjettavvik, spesielt innan skule og helse/omsorg, som vil bli følgd opp. Sjukefråveret blei på 6,1%, som er under landssnitt og nært fastsett mål. Han karakteriserte den økonomiske situasjonen som relativ god.
Økonomisjefen orienterte om at netto driftsresultat blei på 4%, som ligg over landssnittet på 3%. Investeringsrekneskap er gjort opp med ei underskot på kr 1,6 mill. kr, som vil bli dekka av tomtesal. Det kom inn meir inntekter frå rammoverføring, mindre pensjonsutgift enn forventa og fortsatt lavt rentenivå. Det blei ikkje investert så mykje som planlagt, mens det blei meirforbruk på ombygging av Sveio skule. Utvalet hadde spørsmål, som det ble svara på.

Revisor hadde kome med rein melding og han hadde ingen spesielle merknader. Han hadde difor ikkje funne grunnlag for å skrive noko årsoppgjersbrev. Det var ingen merknader frå utvalet.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.04.16:**

*Kontrollutvalet i Sveio har ingen kommentarar til årsrekneskapen 2015 og vedtek uttale slik den ligg føre.*

## SAK 8/16 RYVARDEN KULTURFYR KF – REKNESKAP 2015

**Sekretariatet si innstilling:**
Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2015 slik den ligg føre (med desse endringane).

**Handsaming i kontrollutvalet 19.04.16:**
Økonomisjef orienterte om at føretaket hadde i år eit positivt netto driftsresultat og overskot på kr 52.087. Dette vil gå til å dekkje meirforbruket i 2014. Utvalet hadde spørsmål knytte til pensjonsforpliktingar, som det ble gjeve svar på. Revisor viste til at det var gjeve rein melding. Utvalet hadde elles ingen merknader til rekneskapen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.04.16:**

*Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2015 slik den ligg føre.*

## SAK 9/16 SVEIO BUFELLESSKAP KF – REKNESKAP 2015

**Sekretariatet si innstilling:**
Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Sveio Bufellesskap KF sitt årsrekneskap for 2015 slik den ligg føre (/med desse endringane).

**Handsaming i kontrollutvalet 19.04.16:**
Føretaket har i eit positivt netto driftsresultat kr 24.444, og eit overskot på kr 196.687 ved bruk av interne finanstransaksjonar. Økonomisjef opplyste at føretaket leigar ut eit hus til stiftinga Sveio Bufellesskap, elles liten aktivitet i selskapet. Revisor viste til at det var gjeve rein melding. Kontrollutvalet hadde ingen merknader til rekneskapen.

Då revisor rekna med at dette var hans siste møte i kontrollutvalet takka oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge frå KPMG for seg før han gjekk, og for det gode samarbeidet han og firmaet hadde hatt i den perioden dei hadde vore engasjert som revisor for Sveio kommune, sidan 01.07.12 og fram til juli, då Deloitte tek øve.

Økonomisjef Peter O. Lura takka tilbake, og sa han hadde vore særs nøgd med samarbeidet og kunne berre gje skryt til firmaet og deira arbeid.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.04.16:**

*Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Sveio Bufellesskap KF sitt årsrekneskap for 2015 slik den ligg føre.*

## SAK 10/16 PLAN FOR FORVALTNINGREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL 2016-2020 – OVERORDNA ANALYSE- RISIKOSPEL V/DELOITTE

**Sekretariatet si innstilling:**
Sveio kontrollutval tar innspela som kjem fram under risikospelet i regi av Deloitte AS til orientering.
Utvalet kjem tilbake til saka når analysedokumenta er ferdige og prosjekta skal prioriterast.

**Handsaming i kontrollutvalet 19.04.16:**
Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr innleia. Hun orienterte om risikospelet og prosessen vidare med å utarbeide den overordna analysen som skulle danne grunnlag for planane. Gåsemyr leia gjennomføringa av risikospelet. Medlemmane kom med sine vurderingar og kommentarar underveis i spelet og revisor noterte seg desse. Økonomisjef svara på spørsmål frå medlemmane og revisor.

Revisor var noko usikker om dei blei ferdige med analysen og utkast til nye planar til junimøtet, men heilt sikkert klåre til septembermøtet.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.04.16:**

*Sveio kontrollutval tar innspela som kjem fram under risikospelet i regi av Deloitte AS til orientering.*

*Utvalet kjem tilbake til saka når analysedokumenta er ferdige og prosjekta skal prioriterast.*

## SAK 11/16 ORIENTERING FRÅ ADMNISTRASJONEN – STAB/STØTTE

**Sekretariatet si innstilling:**
Sveio kontrollutval tek rådmannen si utgreiing om støtteeiningane til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 19.04.16:**
Rådmannen orienterte om organisatorisk oppbygging; strategtisk leiargruppe (rådmann, tre kommunalsjefar med sektoransvar, økonomisjef og personalleiar) og 15 reine driftseiningar og 4 stabseiningar (økonomi, lønn/personal, IKT og servicekontor).
Økonomisjef og personalleiar orienterte så om sine einingar og deira mange oppgåver. I 2015 gjekk det ut over 100 mill.kr i lønn og kommunen fekk inn 10 mill.kr i refusjonar.

Utfordringane for begge einingane var at med få tilsette, mange oppgåver og mange lovar og reglar å forholda seg til, er kommunen sårbar ved vakansar, og også vanskeleg å finne tid til kompetanseoverføring og internkontrollarbeid.
Før rådmann måtte gå i anna møte, orienterte han om pågåande prosess og arbeid knytte til Kommunereforma og intensjonsavtale med Haugesund. Kommunestyret vil gjere sitt vedtak 20. juni og Stortinget i 2017.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.04.16:**

Sveio kontrollutval tek rådmannen si utgreiing om støtteeiningane til orientering.

## EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte
Etter møteplan er dato **14. juni** kl. 18.00. Etter planen er kommunalsjef helse og omsorg invitert til å orientere.

Sveio/Aksdal, 19. april 2016

Toril Hallsjø

Olav Haugen
kontrollutvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær ( sign.)

# SVEIO KOMMUNE

**Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontrollutvalet | 14.06.16 | **13/16** |
| | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 216 | |

## ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – HELSE OG OMSORG

**Saksorientering:**
**Bakgrunn:**
Kontrollutvalget vedtok i møtet 26.01.16, sak 4/16 ein plan for orientering om støtte- og resultateiningane i kommunen i løpet av 2016. Vedtaket var følgjande:

> ***Sveio kontrollutval vedtek følgjande Plan for orientering om støtte- og resultateiningane:***
>
> ***19.04.16 rådmann, økonomisjef og leiar løn og personal***
> ***14.06.16 kommunalsjef helse og omsorg***
> ***13.09.16 kommunalsjef oppvekst og kultur***
> ***08.11.16 kommunalsjef teknisk m.m.***

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står over for.

Planen blei oversendt rådmannen 28.01.16. Det framgikk i brevet at tidspunktene kunne endrast/byttast for dei invitere. Det er til no ikkje kome framlegg om endringar og det vert opp til rådmannen å bestemme kven han tar med seg til møta eller om dei møter som representant for rådmannen.

Utvalet kan kome med innspel på emne og spørsmål, men helst så tidlig som mulig slik at dei inviterte kan førebu seg. Det vert lagd opp til at utvalet bestemmer ei tidsramme.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Sveio kontrollutval tek kommunalsjef helse og omsorg si utgreiing om einigane til orientering.

Aksdal, 06.06.16

Toril Hallsjø

Toril Hallsjø (sign.)
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

# SVEIO KOMMUNE

**Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Kontrollutvalet | 14.06.16 | **14/16** |
| | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Odd Gunnar Høie | 216 | |

## SAK FRÅ INNBYGGJAR OM Å IVERKSETTE UNDERSØKING

**Vedlegg:** Brev (ikkje datert, men videresendt frå Sveio postmottak 26.04.16 til Haugaland Kontrollutvalgssekretariat)

**Bakgrunn**

Kontrollutvalet har fått tilsendt e-post med vedlagt brev frå ein innbyggjar/grunneigar i Sveio, sjå vedlegg. Saka gjeld Sveio Bufellsskap KF og Stiftinga Sveio Bufellesskap. I brevet omtala som SB og SSB.

Kontrollutvalet vel sjølv om det vil bli naudsynt å lukka møtet under handsaminga av saka, i så fall er dette knytta til kommunelova § 31 nr. 4[1](omsyn til personvern krevjer det).

Brevet blei motteken av sekretariatet den 26.04.16 i e-post, med vedlagt brev. Eit førebels svarbrev blei sendt frå sekretariatet den 20.03.15, samstundes som utvalsleiar og rådmann blei varsla med kopi om meldinga. Kontrollutvasleiar ønskte å ta saka opp til handsaming på fyrstkomande møte i juni.

**Generelt om kontrollutvalets ansvar og oppgåver**

Kontrollutvalet er kun pliktig til å handsama saker som kjem frå kommunestyret eller revisor.

Når det gjeld andre saker må utvalet sjølv bestemme om saka fell inn under utvalet sine kontroll- og tilsynsoppgåver, og om utvalet ønskjer å prioritere saka[2]. Kontrollutvalet må vurdere om saka representererar tilstrekkeleg risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfølging. Dette inneber også at kontrollutvalet ikkje skal handsame enkeltsaker. Enkeltsaker skal handsamast av det organet som desse høyrer inn under.

Kontrollutvalet har inga mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga[3]. Utvalet kan heller ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjort av kommunen sine folkevalde organ eller vurdere det hensiktmessige i dei politiske vedtak. Utvalet skal ikkje brukast som arena for «omkamp» om politiske saker. Kontrollutvalet skal – som nemnt ovanfor - på generelt grunnlag sjå til at kommunen held gjeldande lovar og forskrifter og rettar seg etter vedtak i kommunestyret.

---

[1] 4. Et folkevalgt organ kan vedta å lukke et møte når hensynet til personvern krever det.

[2] Jf. Vedlegg 1 til rundskriv H-15/04 merknader til § 4

[3] Jfr. «Kontrollutvalgsboka s 31

Det er viktig å huske på at kontrollutvalet ikkje er er eit klageorgan, og at det difor ikkje handsamar klager på vedtak som har vore til administrativ handsaming.

Privatpersonar kan likevel melde frå til kontrollutvalet om saker, men dei kan ikkje krevje at kontrollutvalet handsamar bestemte saker[4]. Sjølv om kontrollutvalet ikkje skal handsame enkeltsaker, kan desse likevel nyttast som ein innfallsvinkel til eit saksområde som det er ønskjeleg å undersøka nærare i kommunen.

Det kontrollutvalet kan gjøre, er altså å undersøke henvendingar som kan tyde på svikt i den kommunale sakshandsaminga, eller at kommunen ikkje følger dei lover og retningslinjer som den er underlagt. Fokuste bør være på systemkontroll.

Sekretariatet vil gjere merksam på at stiftingar er eigne juridiske personar og fell utanfor kommunen sitt ansvarsområde. Stiftelsestilsynet om er det organ som er sett til å føre kontroll. Meir om ei stifting:

*«En **stiftelse** er en juridisk person som disponerer en formuesverdi som ved testament, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig er stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art . Ingen fysiske personer har eierrådighet over en stiftelse, det er en kapital som eier seg selv.*

*Stiftelser er, i likhet med blant annet selskaper og foreninger, egne juridiske personer. Det betyr at en stiftelse selv kan stå som eier, at den kan pådra seg forpliktelser, og at den kan være part i avtaler og prosesser.*
*Stiftelser er selveiende institusjoner. Det vil si at de ikke har eiere. Dette skiller stiftelser fra selskaper, hvor selskapsdeltakerne eier en andel av selskapets formue, har rett til en andel av selskapets overskudd og styrer selskapet i kraft av sine eierposisjoner. Det må også skilles mellom stiftelser og foreninger. Også foreninger er selveiende, men foreninger har medlemmer som kan øve innflytelse over foreningen. En forening har ikke grunnlag i en formuesverdi, men i et formål som medlemmene har sluttet seg sammen for å fremme.*

*Stiftelser har et vidt spekter av formål. Tradisjonelt har stiftelser gjerne vært opprettet for å fremme ideelle formål, for eksempel av sosial, humanitær, religiøs eller utdanningsmessig art. Stiftelser ledes av et styre og styres av vedtekter som utarbeides av oppretteren. Siden stiftelser ikke har medlemmer eller andre som fører kontroll med at ledelsen forvalter midlene i samsvar med vedtektene, er det opprettet et eget statlig organ – Stiftelsestilsynet– som skal føre slik kontroll med de rundt 8000 stiftelsene som finnes i Norge.*
*Stiftelser reguleres i Norge av lov om stiftelser (stiftelsesloven) fra 2001, i kraft 1. januar 2005».*

Når det gjeld forhold opp mot Bufetat, er det Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) som styrar dei. Her er ein omtale av Bufetat:

*«Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har ansvar for styringen av Bufetat. Regionene i Bufetat leverer statlige barne- og familieverntjenester på vegne av staten. Ansvaret er blant annet regulert av barnevernloven og familievernkontorloven.*

[4] Jfr. «Tilsyn og revisjon i kommunal sektor» 2011 av Bråthen, Frydenberg, Rogndokken s 82.

*Bufetat tilbyr det kommunale barnevernet differensierte og spesialiserte barnevernsinstitusjoner, fosterhjem og spesialiserte hjelpetiltak i hjemmet.*

*Etaten har ansvar for at tjenestene drives med forsvarlig kvalitet og at tjenestetilbudet er tilstrekkelig for behovet i befolkningen. Ansvaret for fosterhjemsrekruttering ligger også i Bufetat. Etaten skal sikre at det finnes tilstrekkelig med fosterhjem og bidra til forsvarlig kvalitet gjennom opplæring og veiledning.*

*Når den kommunale barneverntjenesten har kommet til at et barn har behov for en plassering utenfor hjemmet, skal Bufetat bistå med å finne det tiltaket barneverntjenesten mener er riktig, enten dette er institusjon eller fosterhjem.*

*Bufetat har ansvar for godkjenning av private og kommunale barneverninstitusjoner. I tillegg har Bufetats regioner ansvar for behandling av adopsjonssaker i sin region og enkelte andre tiltak rettet inn mot kommunene».*

Rådmannen vil være representert i møtet med kommunalsjef, som vil kunne svara på spørsmål.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Aksdal, 06.06.16

Toril Hallsjø

Toril Hallsjø
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

VEDLEGG

SAK 14/16

Sveio Kommune – kontrollutvalget v/ Olav Haugen

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 28.04.16
Journalført: 16/166/tha
Arkivkode: 216
via Sveio postmottak
26.04.16 kl. 12.34
epost fra
stienlindoy@hotmail.com

Karl Lindøy

Rophusveien 78, Ekrene

5550 Sveio

**Henstilling til kontrollutvalget om å undersøke / få klarhet i de faktiske forhold i drift av Sveio Bufellesskap kf som er Sveio Kommune sin eiendom og Stiftinga Sveio Bufellesskap**

Jeg, Karl Lindøy har i forbindelse med min kontakt med Sveio Kommune gjennom Sveio Bufellesskap (SB-heretter – samt Stiftinga Sveio Bufellesskap(SSB –heretter) hatt kontakt med politikere i kommunen for å få belyst dagens situasjon for disse tiltak – samt min og Bufetat sin erfaring med Sveio Kommune gjennom disse tiltak.

## INNLEDNING

Jeg er sosialfaglig utdannet (sosionom) og har lang arbeidserfaring fra offentlig virksomhet innen kommunalt barnevernsarbeid, offentlig forvaltning og de ulike forvaltningsregler og lovverk. Fra våren 2004 og frem til våren 2012 var jeg utleier av eiendommen min på Lindøy til SB som skulle bruke den til drift av barnevernstiltak,videre var avtalen at jeg skulle ansettes i tiltaket. Alt som blir videre fremsagt kan dokumenteres.

## FORMÅL

Sveio Kommune sitt formål med oppstart av kommunal barneverns- institusjon var å bygge opp en institusjon med faglig sterk kompetanse, gode faglige utviklingsmuligheter samt gode –trygge utviklingsmuligheter for barna som skulle bo på institusjonen. Videre skal institusjonen gi barna gode erfaringer og mestringsopplevelser.

Dette er nedfelt i vedtektene for SB. Videre skal SB ha eget styret som etterser at institusjonen driv i samsvar med vedtektene, at pålagte oppgaver blir utført i samsvar med lov, føresegner og eventuelle pålegg. Videre skal styret påse at eiendommer blir tatt hånd om på best mulig vis. ( Se vedtektene for SB. 2004)

Utfra kontakten og tilbakemelding fra statens barnevern (Bufetat –heretter) var anlegget og området rundt spesielt egnet for drift av bv. Institusjon rettet mot målgruppen som beskrevet i søknaden for godkjenning.

Videre var opprettelsen av kommunal institusjon en mulighet for kommunen å skape trygge og forutsigbare arbeidsplasser – samt muligheter for de ansatte å oppleve faglig utvikling.

## DRIFT

SB var frem til høsten 2008 eget kommunalt foretak med eget styre og egne vedtekter- der Sveio kommune garanterer med hele sin formue for heftelser som er opprettet i foretakets navn.

03.09-2008 blir Stiftinga Sveio Bufellesskap opprettet, der Sveio kommune er stifter. Stiftinga er næringsdrivende, jfr. Stiftl. Pargraf 4,1 ledd.

Det blir videre bestemt i stiftelsesmøte -03.09- 2008 at SB kf blir eiendomsselskap som eier bygningene som leies ut til SSB.

Fra oppstart av SB vår 2004 frem til Stiftelses møte for SSB høsten 2008 er det et utall av hendelser, lovbrudd, mislighold, ødeleggelser, krumspring og påstander som gjør at avtalen jeg har inngått med SB aldri ble overført til SSB. Det er min oppfatning at Sveio kommunestyre pålegger SB å overføre alle avtaler til SSB. Styret i SB eller SSB har aldri tatt initiativ for at dette blir gjort, men allikevel benytter SSB min eiendom på samme måte som SB hadde avtale om. Våren 2012 ber jeg om møte med styret i SB og ber om at leieavtalen jeg har med SB blir terminert. Det hører med til dette fra samme møte at daglig leder i SSB informerer styreleier i SB kf (ordfører –Ruth Eriksen) om at leieavtalen SB har med meg ikke er overført til SSB.

. Min påstand er at Sveio Kommunestyre har fattet vedtak på uriktige opplysninger – vedtatt investeringer på Lindøy for mange millioner kroner – der inntjening er forespeilet på uriktige fakta opplysninger til de som tok beslutningen om å investere midler til utbygging.
Om SSB i ettertid beskriver tiltaket som de beskrev SB blir dette helt galt i forhold til godkjenning, konkurranse fortrinn på uriktig grunnlag osv, Dette gjelder også de kvalitetskrav som staten setter gjennom kvalitetsforskriften for godkjenning for barnevernsinstitusjoner, her er også avdekket mislighold fra SB sin side flere ganger.

Krav til å drive barnevernstiltak i dag er så omfattende og detaljert at skal kontrollutvalget få riktig forståelse av sammenheng er det avgjørende at jeg får anledning til å møte for å utdype sammenhenger, samt fremlegge dokumentasjon om ønskelig.SB har ved flere anledninger gitt uriktige opplysninger om tiltaket til Sveio Kommune – Statens Barnevern samt brutt lovverket flere ganger samt kvalitetsforskriften fra Bufetat. Om min påstand er riktig blir alle inntekter SSB har fått inn fra første dag basert på feil beskrivelse av tiltaket til Bufetat, som er oppdragsgiver ved utlysing av anbud om tjenester. Det er viktig å vite at for å få godkjenning fra Bufetat om drift for b.v. institusjon er gården min på Lindøy sentral, dette blir også understreket i godkjenninig.

Hendelsen som gjør at SSB er terminert som oppdragsgiver for Bufetat og får godkjenningen inndratt, er at de tar inn gutt på 12 år sammen med målgruppen for tungt psykisk syke pasienter som trenger heldøgns basert omsorg. Dette er så grov forsømmelse /hendelse at SSB ikke lenger har tillit hos Bufetat og blir fra våren 2013 ikke skikket til å drive b.v institusjon. Konsekvensen for dette i dag er at SSB heller ikke kan levere anbud på sentral utlysning fra Bufetat etter plasser på bv.institusjon etter lov om barneverntjenester. Vilkår for å søke om å delta i anbud ligger sammen med utlysningene som blir publisert på Doffin.no

## Avslutning

Hvordan kontrollutvalget velger å håndtere dette - er min oppfordring utfra samtaler med politikere i kommunen at de bør se på hvordan dette er drevet og hvordan dette kan være mulig –dette for å ta lærdom for å forhindre lignende hendelser. Om dette blir konklusjonen av dette skriv er det avgjørende for helheten at jeg blir innkalt til avklaring.

Med hilsen

Karl Lindøy –tlf 481 93 926

**SVEIO KOMMUNE** **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontrollutvalet | 14.06.16 | **15/16** |
| kommunestyret | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 217 | |

# OPPFØLGING AV RAPPORT - SELSKAPSKONTROLL AV HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGSPARK AS

**Vedlegg:**
1. Brev frå Haugaland Kraft AS dagsett 27.04.16
2. Brev frå rådmannen av 17.03.16

**Bakgrunn**
Kommunestyret vedtok enstemmig i møte 11.05.15, sak 26/15 følgjande:

1. *Sveio kommunestyre tar Deloitte sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Haugaland KraftAS og Haugaland Næringspark AS» til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen, representantskapet og selskapet sitt styre og leiinga for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Det vert gjeve tilbakemelding til eigarkommunane sine kommunestyre via kontrollutvala om korleis kommunestyrevedtaket er følgt opp innan 12 månader etter kommunestyret sitt vedtak.*

Sveio kontrollutval vedtok 09.09.14, sak 19/14 etter invitasjon frå Karmøy kontrollutval å delta i ein selskapskontroll av Haugaland Kraft AS/Haugaland Næringspark AS. Dei andre eigarkommunane deltok også i prosjektet.

Haugaland Kraft AS med dotterselskap var blant dei prioriterte selskap i Plan for selskapskontroll i Sveio 2012-2016.

**Mandat**
Hovudformålet med selskapskontrollen var å undersøke og vurdere om selskapa hadde etablert system og rutinar for å sikre at selskapa driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

**Rapporten**
Med dette som utgangspunkt gjennomførte Deloitte prosjektet hausten 2014 og våren 2015 basert på fjorten ulike problemstillingar. Rapport ble lagt fram for kontrollutvala og kommunestyra i eigarkommunane i løpet av 1. halvår 2015.

Revisorselskapet Deloitte kom med følgjande tilrådingar til selskapet:

1. ***Øker kvinneandelen i styret i Haugaland Næringspark slik at dette tilfredsstiller kravene i aksjeloven.***

2. ***Bidrar til at det gjennomføres dokumentert styreevaluering i henhold til styre-instruksen.***

3. ***Utarbeider rutiner som beskriver hvordan selskapets bestemmelser om habilitet skal praktisere, slik at kravene i forvaltningsloven og aksjeloven blir ivaretatt.***

4. ***Bidrar til at det enkelte styremedlem registrerer sitt styreverv i KS styreregister.***

5. ***Gjennomfører en strukturert og helhetlig risikovurdering knyttet til økonomiske misligheter.***

6. ***Utarbeide veiledning for styremedlemmer som representerer Haugaland Kraft i andre selskapsstyrer.***

Revisorselskapet Deloitte kom følgjande tilrådingar til eierkommunene:

1. ***Stille krav om at rapportering fra selskapet inneholder opplysninger som gjør det mulig for eierkommunene å følge opp at KS sine anbefalinger til god eierstyring etterleves.***

2. ***Endrer § 7 i vedtektene slik at de blir i tråd med aksjelovens § 6.1, hvor det framgår at styret i selskaper uten bedriftsforsamling, alltid selv skal velge sin leder.***

**Tilbakemelding**
I vedlagt brev av 27.04.16 (vedlegg 1) har Haugaland Kraft AS v/dir./visekonsernsjef Runar Areklett gjeve ein tilbakemelding på selskapskontrollen.

Her er det gjort greie for kva selskapa har gjort i forhold til revisor sine seks tilrådingar. I brevet skriv han at alle punkta er utført, men når det gjeld pkt. 4 er styremedlemmene blitt oppfordra til å registrere seg i KS sitt styreregister. Dette er ei frivillig ordning.

I vedlagt brev av 17.03.16 (vedlegg 2) har rådmannen gjeve ei tilbakemelding på dei to tilrådingane som ble gjeve til eigarkommunane.

Rådmannen visar til «Eierstrategi for Haugaland Kraft AS» og meiner eigarane med dette har etablert ein struktur som legg til rette for å etterleve KS sine tilrådingar til god eigarstyring. Vidare viser han til at vedtektene om val av styret vil bli endra på generalforsamling 06.06.16.

Utvalet må drøfte om ein finn selskapet si og rådmannen si tilbakemelding som dekkjande for rapporten sine tilrådingar.

Kommunestyret fekk orientering om Haugaland Kraft AS i kommunestyremøtet 23.05.16 ved konsernsjef Olav Linga. Han orienterte om struktur, resultatutvikling og samfunnsansvar.

I same kommunestyremøtet, i sak 32/16, blei Sveio kommune si Eigarskapsmelding 2016 – 19 handsama og under Del II er følgjande skrev om selskapet:

***2.2.1 Haugaland Kraft AS***

*Haugaland Kraft vart stifta 10.08.1998 ved at Haugesund Energi og Karmsund Kraftlag fusjonerte. Føremålet med selskapet er produksjon av fornybar energi, sikker og kostnadseffektiv overføring og omsetning av energi, tilby sikker og kostnadseffektive breibandstenester kor det naturleg styrkar kjerneverksemda, samt kva hermed står i forbindelse, under her å delta i andre føretak som driv tilsvarande verksemd.*

*Generalforsamlinga vert nytta som eit utvida eigarforum og reflekterer eigarane sine eigardelar. Eigarkommunane peikar ut 28 delegater, der Sveio kommune har tre delegatar.*

*Styret: Leiar: Didrik B.Ferkingstad Nestleiar: Petter Steen jr. Styremedlemmer: Geir Malvin Bårdsen, Kjell Arvid Svendsen, Margaret Elin Hystad, Ruth Grethe Østebøvik Eriksen, Svein Arne Koløy, Bengt Magne Rønnevig, Berit Thuestad, Ragnhild Bjerkvik, Harald A. Stakkestad, Brynjar Ramstad Selsvold*

*Vara medlem: Arne-Christian Mohn, Terje Halleland, Arne Bergsvåg, Bjørn Seljestad, Elin Frønsdal, Håkon Eyvind Eidesen, Anne Svanberg Løvereide Faye, Nina Ve Sæbø, Frode Skare, Dagny I. J. Eikemo, Ole Johnny Bua, Roger Henning Sømme, Roar Sund Charlotte Rose Vestre.*

*Adm. Direktør: Olav Linga Det vert utarbeida årsrapport. Sveio kommune sin eigardel utgjer 5,05%. Resterande eigarar er Karmøy kommune, Haugesund kommune, Tysvær kommune, Vindafjord kommune, Bokn kommune, Utsira kommune.*

*Etter ei endring av strukturen i verksemda i 2015 blei selskapet organisert som eit konsern frå 1. januar 2016. Konsernet består av morselskap og 4 dotterselskap.*

*Haugaland Kraft AS har følgjande dotterselskap: Haugaland Næringspark AS, Haugaland Kraft Nett AS ,Haugaland Kraft Fiber AS, Haugaland Kraft Energi AS*

*Selskapet har og eigarinteresser i følgjande selskap (eigardel i prosent):Sunnhordland Kraftlag AS (40,52%), Tysseland Kraftlag AS (40%), Mosbrakka Kraft AS (50%) Gismarvik Vindkraft AS (40%), Ulla Førre (2,54%), Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet AS (0,2%), MET-Senter AS (12,9 %), Vekstfondet AS (18,8 %), Validèr AS (14,8 %), FKH AS (10 %), Vestavind Offshore AS (15 %), Vestavind Kraft AS (5 %)*

*I 2015 vart det utarbeida felles eigarstragi for Haugaland Kraft AS sine eigarkommunar. I den kjem det fram at hovud føremålet med eigarskapet er langsiktig og finansielt, med målsetning om avkasting på investert kapital.*

**Sekretariatet sine kommentarar**
Selskapet og rådmannen har svart på alle tilrådingene. I følgje kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sitt vedtak blir følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsetje korleis styret/administrasjonen skal følgje opp dei påviste avvik/tilrådingane i det konkrete tilfellet, då dette er styret/rådmannen sitt ansvar.

Det blei sett ein frist på 12 månader frå kommunestyret fatta sitt vedtak og det er svara innan fristen.

Kontrollutvalet kan likevel melde inn vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synast ikkje aktuelt i denne saka.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Sveio kontrollutval tar tilbakemeldingane frå Haugaland Kraft AS og rådmannen om oppfølging av rapport frå selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 07.06.16
T. Hallsjø
Toril Hallsjø
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

VEDLEGG 1
SAK 15/16

HAUGALAND KRAFT

din egen kraft

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Att: Toril Hallsjø
Tysvær Rådhus

5575 Aksdal

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 28.04.16
Journalført: 16/169/kha/ogh
Arkivkode: 217

| Deres referanse | Deres dato | Vår referanse | Dato |
|---|---|---|---|
| Tørres Øyjordsbakken | | 207213-v1 | 27.04.2016 |

# Tilbakemelding selskapskontrollen 2015

Viser til forespørsel vedrørende oppfølging av selskapskontrollen av Haugaland Kraft AS (HK) og Haugaland Næringspark AS (HNP) som ble gjennomført av Deloitte på vegne av eierkommunene i 2015.

I rapporten anbefalte Deloitte Haugaland Kraft AS å iverksette 6 forbedringstiltak. Alle punktene er utført:

1. *Øker kvinneandelen i styret i Haugaland Næringspark AS slik at dette tilfredsstiller kravene i aksjeloven.*

   Det er valgt nytt styre i HNP. Styret består nå av to kvinner og tre menn og kravet til representasjon av begge kjønn i kommuneloven §80a er oppfylt.

2. *Bidra til at det jevnlig gjennomføres dokumentert styreevaluering i henhold til styreinstruks.*

   Denne gjennomføres årlig i Questback. Sist gjennomført i februar 2016.

3. *Utarbeide rutiner som beskriver hvordan selskapets bestemmelser om habilitet skal praktiseres, slik at kravene i forvaltningsloven og aksjeloven blir ivaretatt.*

